

# Vestlandsrådet

Vestlandsrådet • Postboks 2500, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvegen 9 • Telefon: 71 28 00 00  
E-post: [post@mrfylke.no](mailto:post@mrfylke.no) • [www.vestlandsraadet.no](http://www.vestlandsraadet.no)

## Møte i Vestlandsrådet 19. mai 2021

### Program og sakliste

#### Kl. 09.00 Opning

v/fylkesordfører og leiar av Vestlandsrådet Tove-Lise Torve

- Registrering av deltakarar
- Godkjenning av innkalling
- Godkjenning av sakliste
  
- Presentasjon av eksterne innleiarar og øvrige deltakarar

Innleiing ved Tove-Lise Torve.

#### Overordna tema for møtet:

«Framtidig utvikling av Vestlandsregionen»

Kl. 09.20 – 09.50      **1. Etter Brexit – Forhandlingssituasjonen generelt og fiskeriforhandlingene spesielt**

Orientering v/Ann Kristin Westberg, avdelingsdirektør og forhandlingsleder i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD)

Kl. 09.50 – 10.50      **2. Næringsstrategi for Vestlandet**

#### Innleiingar:

Styringsgruppas leiar Per Vidar Kjølmoen  
Prosjektleder frå PwC Ingvill Flo

Spørsmål – diskusjon

Kl. 10.50                10 minutters pause

Kl. 11.00 – 12.00	<b>3. Vestlandsmeldingen 2021</b> Innleiing/presentasjon av meldingen v/Partner i Zynk, Sigurd Klyve Grytten Spørsmål - diskusjon
Kl. 12.00 – 12.15	<u>Pause (lunsj på alle heimebanar)</u>
<b>Kl. 12.15 – 13.15</b>	<b>Møte for å behandle saker:</b>
VR-sak 09/2021	<b>Protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 25. februar 2021</b>
VR-sak 10/2021	<b>NTP 2022 – 2033: Uttale frå Vestlandsrådet</b>
VR-sak 11/2021	<b>Rapport om NORA 2020 og Handlingsplan 2021</b>
VR-sak 12/2021	<b>Referatsaker</b> 1) Referat frå møte i AU 16. mars 2021 2) Referat frå møte i AU 4.mai 2021 3) GIEK/Eksportkreditt 4) TEN-T 5) Notat frå møtet med samferdselsministeren 6) Notat frå møtet med leiaren i Transport- og kommunikasjonskomiteen 7) AU hadde i tillegg til møta 16/3 og 4/5 eit «fjernmøte» 23. april for å godkjenne uttalen om TEN-T (AU-sak 12/2021)
VR-sak 13/2021	<b>Eventuelt</b>

Saksbehandlar:  
Christian T. Aasen  
Sekretariatsmedarbeidar

**VR-sak 09-2021**

**Protokoll frå Vestlandsrådets møte 25. februar 2021**

**Saksutgreiing:**

Vestlandsrådet hadde første møte i 2021 den 25. februar (Teams)

Vedlegg: Protokoll frå møtet 25.02.21

**Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet godtek protokollen frå møtet 25.02.21

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

## Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 25. februar 2021

### 09.00 Opning

v/fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet Tove-Lise Torve

Leiaren ønska alle velkomne til det første møtet i Vestlandsrådet i 2021.

Registrering av faste medlemmar og innkalla varamedlemmar av Vestlandsrådet

<b>Møre og Romsdal</b>
Tove-Lise Torve (Ap)
Per Vidar Kjølmoen (Ap)
Randi Walderhaug Frisvoll (Krf)
Frank Sve (Frp)
Anders Riise - (H)
Jan Ove Tryggestad (Sp)
<b>Vestland</b>
Jon Askeland (Sp)
Natalia Antonia Golis (MDG)
Anne Gine Hestetun (Ap)
Trude Brosvik (Krf)

Silja Ekeland Bjørkly (H)	
Terje Søviknes (Frp)	
<b>Rogaland</b>	
Marianne Chesak (Ap)	
Arne Bergsvåg (Sp) – forfall	Møter: Kjartan Alexander Lunde (V)
Solveig Ege Tengesdal (Krf)	
Ole Ueland (H) – forfall	Møter: Pål Morten Bergli (FrP)
Margrete Dysjaland (Frp) - forfall	Møter: Frode Myrhol (FNB)
Alexander Rugert-Raustein, MDG – forfall Ingen vara kunne møte	

Frode Myrhol møtte frå kl. 09.18

Per Vidar Kjølmoen fekk permisjon frå kl. 11.20

Jon Askeland fekk permisjon frå kl. 11.55

Andre møtande:

Kari Nessa Nordtun	Stavanger kommune
Marte Mjøs Persen	Bergen kommune
Eva Vinje Aurdal	Ålesund kommune
Espen Remme	NHO
Tone Grindland	NHO
Ann-Kristin Kristoffersen	NHO
Ole Rasmus Øvretveit	Initiativ Vest
Rune Haugsdal	Vestland fylkeskommune

Inge Smith Dokken	Rogaland fylkeskommune
Ottar Brage Guttelvik	Møre og Romsdal fylkeskommune
Thorbjørn Aarethun	Vestland fylkeskommune (fylkeskontakt)
Robert Løvik	Møre og Romsdal fylkeskommune (fylkeskontakt)
Dagfinn Aasen	Sekretariatsleiar
Christian Tollefsen Aasen	Sekretariatet

## Godkjenning av innkalling

Vestlandsrådets vedtak:

Innkallinga samrøystes godkjend.

## Godkjenning av saksliste

Vestlandsrådets vedtak:

Sakslista samrøystes godkjend.

Vestlandsrådet har beslutta å invitere ordførarane i Stavanger, Bergen og Ålesund til alle møta i Vestlandsrådet, og alle møtte. Leiaren ønska dei, og følgande tre eksterne innleiarar, velkomne til møtet:

Ordførar	Kari Nessa Nordtun, Stavanger kommune
Ordførar	Marte Mjøs Persen, Bergen kommune
Ordførar	Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune
Regiondirektør	Espen Remme, NHO Møre og Romsdal
Prosjektleiar	Ingvill Flo, PwC
Dagleg leiar	Ole Rasmus Øvretveit, Initiativ Vest

Del I:

## Næringsliv og næringsutvikling på Vestlandet – status og utfordringar

A Bykommunane presenterer seg. Kva er utfordringar og viktige satsingsområder for dei største kommunane i Vestlandsfylka?

Innlegg v/

- ordfører Kari Nessa Nordtun, Stavanger kommune
- ordfører Marte Mjøs Persen, Bergen kommune
- ordfører Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune

Følgande hadde spørsmål/kommentarar til innleiingane:

- Anne Gine Hestetun
- Jon Askeland
- Solveig Ege Tengesdal
- Terje Sjøviknes

Sjøviknes sitt innlegg gjaldt GIEK/Eksportkreditts mulege lokalisering til Vestlandet.

Forslaget blir å ta opp under sak 8-2021.

**B Koronasituasjonen og konsekvensar for næringslivet på Vestlandet – korleis er situasjonen no?**

- Innlegg v/Espen Remme, Regiondirektør NHO Møre og Romsdal

Følgande hadde spørsmål/kommentarar til innleiinga:

- Jon Askeland

**C «Næringsstrategi for Vestlandet» – prosjekt initiert og finansiert av Vestlandsrådet**

- Innleiing om organisering, styring, etc. v/leiar i Styringsgruppa Per Vidar Kjølmoen
- Innlegg om status i prosjektarbeidet, hovedtemaer og framdrift, v/Ingvill Flo, PwC

Følgande hadde spørsmål/kommentarar til innleiingane:

- Anne Gine Hestetun

**D Tankar og idear rundt næringsutvikling på Vestlandet – korleis ser situasjonen ut frå tankesmia  
Initiativ Vest AS?**

- Innlegg v/Ole Rasmus Øvretveit, daglig leder, Initiativ Vest

Følgande hadde spørsmål/kommentarar til innleiinga:

- Anne Gine Hestetun
- Natalia Golis
- Solveig Ege Tengesdal

**E Brexit og konsekvensar for Vestlandet - Arbeidsutvalets arbeid med denne saka**

- Orientering ved fylkesordfører Jon Askeland, Vestland fylkeskommune

Eventuelle spørsmål/diskusjon vart vist til behandling av sak 6-2021.

**Kl. 11.05 – 11.20      Pause**

Kl. 11.20

## Saker til behandling

### **VR sak 1-2021      Protokoll frå møte 11.11.2020**

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner protokollen frå møtet 11.11.2020.

#### Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### **VR sak 2-2021      Årsmelding 2020**

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet godkjenner «Årsmelding 2020» for Vestlandsrådet.

#### Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### **VR sak 3-2021      Rekneskap 2020**

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Rekneskap 2020 for Vestlandsrådet godkjennes.

#### Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### **VR sak 4-2021      Budsjett 2021**

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Følgande budsjett blir vedtatt for Vestlandsrådet 2021:



BUDSJETT	Budsjett 2020 Inntekter	Budsjett 2020 Utgifter	Budsjett <u>2021</u> Inntekter	Budsjett <u>2021</u> Utgifter
Kontingent frå fylkeskommunene	1 800 000		<b>1 800 000</b>	
Overførte midlar frå tidlegare år	486 610		<b>1 011 083</b>	
Sekretariat (honorar), reiseutgifter, kontorutgifter, og Fylkeskommunale utgifter		1 000 000		<b>1 000 000</b>
Møteutgifter Vestlandsrådet og Arbeidsutval		200 000		<b>150 000</b>
Heimeside, løpande drift – Origin AS		50 000		<b>50 000</b>
Ny heimeside				<b>150 000</b>
NORA - fast årleg medlemsavgift		135 000		<b>135 000</b>
Næringsstrategi for Vestlandet				<b>500 000</b>
Til disposisjon		901 610		<b>826 083</b>
Sum	2 286 610	2 286 610	<b>2 811 083</b>	<b>2 811 083</b>

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### VR-sak 5-2021      Næringsstrategi for Vestlandet – organisering av styringsgruppe og prosessleiing

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka om «Næringsstrategi for Vestlandet – organisering av styringsgruppe og prosessleiing» til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### **VR sak 6-2021      Rapport frå arbeid i AU hittil i 2021**

Fylkesdirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Det framkom ingen merknader eller spørsmål knytta til saka.

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som forslaget til vedtak.

### **VR-sak 7-2021      Referatsaker/orienteringssaker**

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

## **VR-sak 8-2021      Eventuelt**

Vestlandsrådets behandling:

Terje Sjøviknes sette fram følgende forslag:

«AU får i oppdrag å utarbeide en uttale hvor Vestlandsrådet krever at hovedkontoret for det sammenslåtte GIEK/Eksportkreditt må legges til Vestlandet».

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet sluttar seg til representanten Sjøviknes sitt forslag.

....

Leiaren minte om at neste ordinære møte i Vestlandsrådet er 19. mai 2021.

Det kan bli nødvendig med eit ekstraordinært møte i AU eller Vestlandsrådet rett over påske, for eventuelt å kome med innspel til Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget knytta til behandlinga av ny NTP (nasjonal transportplan).

## VR-sak 10-2021      NTP 2022-2033 Uttale frå Vestlandsrådet

### Saksutgreiing:

Fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal sendte innspel til Samferdselsdepartementet om NTP i 2020. Nasjonal transportplan blei lagt fram 19. mars 2021.

Arbeidsutvalet hadde møte med samferdselsminister Knut Arild Hareide 16. april 2021, og med leiar av Stortingets transport- og kommunikasjonskomité Helge Orten 4. Mai 2021. På bakgrunn av desse møta ønskjer AU at Vestlandsrådet kjem med ein eigen uttale. Samferdselsavdelinga, på vegne av fylkeskommunedirektøren i Møre og Romsdal fylkeskommune, har utarbeidd utkast til uttale med utgangspunkt i m.a. AU sine synspunkt i møta nevnt ovanfor. Tilrådingane er dei same som forslaget vil vedtak nedanfor.

Utgreiinga følgjer som vedlegg.

### Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet legg til grunn at det blir ei fordeling av prosjekt og midlar til alle regionar, og at fylka i Vestlandsrådet får prosjekt og midlar som speglar fylka si verdiskaping. Fastlandseksport må vere eit prioriteringskriterium i NTP.
2. Vestlandsrådet er positive til satsinga på ferjefri E 39 i NTP 2022-2033, og ber om at dette må bli følgd opp i prioriteringane framover.
3. Tilskotsordninga for fylkesveggar må ikkje vere søknadsbasert. Ordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel, og eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.
4. NTP bør etablere ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innanfor høg og middels risikofaktor. Plana bør ha finansiering og gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år.
5. NTP bør innehalde fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane for:

- a. overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten (inkludert ferje og hurtigbåt)
  - b. generelle auka løyvingar til ferjedrifta
  - c. kollektivsatsing gjennom å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
  - d. overgang til lågutsleppsløysingar i bussdrift
6. NTP må innehalde finansiering for teknologiskifte for luftfart på FOT-rutene. Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.
  7. Teknologi og innovasjon i transportsektoren må få ein større plass i NTP, og fylkeskommunane må vere ein del av ordningane. Dette gjeld teknologiutvikling til sjøs og generelt, med nødvendige stimuleringsmidlar og betydning for næringsutvikling og kompetansebygging.
  8. Fylkeskommunen må delta i porteføljestyring av relevante tiltaksområde.
  9. Tilskotsordninga for regionbyane må vere eit langsiktig reiskap for klima- og miljøvennleg byutvikling i regionbyane gjennom heile planperioden, og ikkje bli avgrensa til eit fireårig tiltak.

I løpet av planperioden bør det bli vurdert om ramma bør aukast, og om midlar til drift av kollektiv bør bli innarbeidd i ordninga, for å bidra til at nullvekstmålet blir nådd.
  10. Stad skipstunnel må bli følgd opp vidare i årlege budsjettløyvingar. Støtte- og incentivordningar for overføring av gods frå veg til sjø og bane må bli vidareført og styrka.

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkeskommunedirektør

## ■ notat

Frå:	Til:
Fylkeskommunedirektøren Møre og Romsdal	Vestlandsrådet
Dato:	Ref:
10.05.2021	

### Forslag til vedtak:

- Vestlandsrådet legg til grunn at det blir ei fordeling av prosjekt og midlar til alle regionar, og at Vestlandsrådet får prosjekt og midlar som speglar fylka si verdiskaping. Fastlandseksport må vere eit prioriteringskriterium i NTP.
- Vestlandsrådet er positive til satsinga på ferjefri E 39 i NTP 2022-2033, og ber om at dette må bli følgd opp i prioriteringane framover.
- Tilskotsordninga for fylkesveggar må ikkje vere søknadsbasert. Ordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel, og eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.
- NTP bør etablere ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innanfor høg og middels risikofaktor. Plana bør ha finansiering og gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år.
- NTP bør innehalde fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane for:
  - overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten (inkludert ferje og hurtigbåt)
  - generelle auka løyvingar til ferjedrifta
  - kollektivsatsing gjennom å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
  - overgang til lågutsleppsløysingar i bussdrift
- NTP må innehalde finansiering for teknologiskifte for luftfart på FOT-rutene. Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.
- Teknologi og innovasjon i transportsektoren må få ein større plass i NTP, og fylkeskommunane må vere ein del av ordningane. Dette gjeld teknologiutvikling til sjøs og generelt, med nødvendige stimuleringsmidlar og betydning for næringsutvikling og kompetansebygging.
- Fylkeskommunen må delta i porteføljestyring av relevante tiltaksområde.

- Tilskotsordninga for regionbyane må vere eit langsiktig reiskap for klima- og miljøvennleg byutvikling i regionbyane gjennom heile planperioden, og ikkje bli avgrensa til eit fireårig tiltak.


I løpet av planperioden bør det bli vurdert om ramma bør aukast, og om midlar til drift av kollektiv bør bli innarbeidd i ordninga, for å bidra til at nullvekstmålet blir nådd.

- Stad skipstunnel må bli følgd opp vidare i årlege budsjettløyvingar. Støtte- og incentivordningar for overføring av gods frå veg til sjø og bane må bli vidareført og styrka.

## Nasjonal transportplan 2022-2033. Innspel frå Vestlandsrådet

Vestlandet er Norges fremste eksportregion. Reduserte reisetider og betre samankopling/utviding av bu- og arbeidsmarknadene på vestlandet vil vere avgjerande for både næringslivet og kommunane si utvikling. Næringslivet er i stor grad eksportretta. Dei tre vestlandsfylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal eksporterte varer for 155 milliardar kroner i 2020, noko som utgjer 35 prosent av total fastlandseksport.

Investeringar i effektivisering av transportårane i fylket vil auke konkurransekrafta til næringslivet.



Figur 1 Fastlandseksport av varer etter produksjonsfylke, 2020. Kjelde: SSB

- Vestlandsrådet legg til grunn at det blir ei fordeling av prosjekt og midlar til alle regionar, og at Vestlandsrådet får prosjekt og midlar som speglar fylka si verdiskaping. Fastlandseksport må vere eit prioriteringskriterium i NTP.

## **Realisering av ferjefri E 39**

Vestlandsrådet er positive til at NTP inneheld oppstart av E39 Stord -Os (Hordfast), E 39 Ålesund – Molde. Hordfast ligg inne med 1 mrd i statlege midlar i første periode, i tillegg til bruk av bompengelån. E 39 Ålesund- Molde ligg inne med 2,5 mrd. kroner i statlege midler i første periode, i tillegg til bidrag frå bompengar.

- Vestlandsrådet er positive til satsinga på ferjefri E 39 i NTP 2022-2033, og ber om at dette må bli følgd opp i prioriteringane framover.

## **Satsing på fylkesveg**

Regjeringa legg opp til ei øymerka tilskotsordning til fylkeskommunane i tillegg til rammetilskotet. I første seksårsperiode er det lagt til grunn ei total ramme på 4,7 mrd. kroner, mens i andre seksårsperiode er det lagt til grunn 10,7 mrd. kroner.

Tilskotsordninga utløyser eit krav om fylkeskommunal eigenandel som minst svarar til den statlege delen. Statens vegvesen skal forvalte tilskotsordninga.

Eit særskilt økonomisk løft som foreslått i NTP 2022-33 for å betre vegvedlikehald er særskild gledeleg. Derimot er det urimeleg og ikkje i tråd med regionreforma at fylka ikkje sjølv skal få disponere desse midlane til dei vegprosjekta dei sjølve meiner er viktigast. Møre og Romsdal fylkeskommune vil sterkt anbefale at midlane blir fordelt ut frå ein føreseieleg og kjend fordelingsnøkkel innanfor ramma av frie inntekter, som uansett vil vere den dominerande finansieringskjelda for vedlikehald av fylkesvegar.

- Tilskotsordninga må ikkje vere søknadsbasert.
- Tilskotsordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel
- Eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.

## **Auka satsing på skredsikring og trafikktryggingstiltak**

Finansiering av skredsikring av fylkesvegane vart frå og med 2020 lagt inn i ramma til fylkeskommunane. Vestlandsrådet meiner at det må satsast meir midlar på skredsikring for å redusere faren for trafikantane og sikre robustheita i transportsystemet.

NTP legg opp til at «Midlene til opprustning og fornying av fylkesveinettet og ras- og skredsikring av fylkesvei blir videreført innanfor rammetilskuddet» (s. 169). Det er behov for meir midlar til dette området.

- NTP bør etablere ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innanfor høg og middels risikofaktor.
- NTP bør ha finansiering og gjennomføring av plana i løpet av ei tidsramme på 12 år

### **Fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane**

Fylkeskommunane har behov for bidrag til fleire satsingar. Fylkeskommunane må delta i utforming og prioritering av programma. Det er ingen særskilte tiltak for nullutslepp i kollektivtransporten utover byvekstavtaler for dei 9 største byområda, og 600 mill. kroner i første del av perioden til dei 5 neste byområda (inkl. Haugesund og Ålesund). Når det gjeld fylkesvegferjer er dei ikkje nemnt i NTP. Det er no kome signal om tilskot til reduserte billettprisar i kommande kommuneøkonomiproposisjon, noko vi sett pris på. Dette er eit tilskot som kjem innbyggjarane til gode i form av reduserte ferjetakstar, men som ikkje bidreg til å dekke underfinansieringa i samband med overgangen til låg- og nullutsleppsløysingar. Det er derfor framleis behov for ei betydeleg styrking av støtteordningar til fylkeskommunane innan overgang til låg- og nullutsleppsløysingar. Det ligg heller ikkje inne i NTP støtteordningar til fleksible og miljøvenlege kollektivløysingar i distrikt.

NTP bør innehalde fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane for:

- overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten (inkludert ferje og hurtigbåt)
- generelle auka løyvingar til ferjedrifta
- kollektivsatsing gjennom å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
- overgang til lågutsleppsløysingar i bussdrift

### **FOT-ruter**

Med regionreformen overtar fylkeskommunene ansvaret for FOT-rutene. Arbeidet med dette er godt i gang og Møre og Romsdal har saman med Vestland ruta Ørsta/ Volda – Bergen, mens Vestland fylke har FOT-rutene Førde -Oslo, Sogndal – Oslo, Sandane – Oslo, Sogndal – Bergen og Sandane – Bergen. Det er også gjort kjøp av tilbod på rutene Ørsta/ Volda – Oslo, og Florø- Oslo under koronapandemien. Situasjonen for luftfarten har vore og er særskilt krevjande i koronasituasjonen, og situasjonen vil truleg vere krevjande over tid. Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.

Dagens flytype som blir brukt på kortbanenettet begynner å bli gammalt, og det vil vere behov for utskifting dei nærmaste 10 åra. Dette gir eit behov, men også ein moglegheit for eit teknologiskifte til miljøvennlege el-fly. Eit skifte vil gi nye moglegheiter for bruk av kortbanenettet, og kan gjere fly til en miljøvinnar.

Vi finn ikkje at det er lagt opp til støttetiltak til elektrifisering av FOT-ruter i NTP.

Utklipp frå NTP, s. 77 (vår utheving):

«I klimaplanen har regjeringen varslet at det tas sikte på å innføre nullutslippskrav til nye bybusser innen 2025.(...)



I klimaplanen varsler regjeringen også at det skal innføres null- og lavutslippskriterier for nye anbud for ferjer og hurtigbåter innen henholdsvis 2023 og 2025. (...) Det står videre at regjeringen vil vurdere å bruke offentlige anskaffelser for å øke etterspørselen etter null- og lavutslippsfly gjennom vilkår i FOT-ruteordningen. FOT-rutene skal forvaltes av fylkeskommunene fra 2022 for NordNorge og fra 2024 for Sør-Norge, når kontraktene til staten går ut.

**Det vil i stor grad være kommunene og fylkeskommunene som får ansvaret for å sette i verk denne politikken gjennom sine anskaffelser.»**

- Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.
- Finansiering for teknologiskifte for luftfart må på plass

### **Teknologiskifte**

til sjøs og generelt med nødvendige stimuleringsmidlar, med betydning for næringsutvikling og kompetansebygging. Både Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal har satsingar gjennom «Smartere transport i Norge» frå Samferdselsdepartementet. Innovasjonspartnerskap, gjennom innovasjonsprosjektet «Nye bruløysingar» som Møre og Romsdal har med støtte frå Innovasjon Norge, er også døme på prosjekt som fremmar nye løysingar. Fleire prosjekt av denne typen for å utforske og implementere ny teknologi er viktig.

- Teknologi og innovasjon i transportsektoren må få ein større plass i NTP, og fylkeskommunane må vere ein del av ordningane. Dette gjeld teknologiutvikling til sjøs og generelt, med nødvendige stimuleringsmidlar og betydning for næringsutvikling og kompetansebygging.

### **Porteføljestyling**

Det blir gjennom NTP lagt fram forslag om at de statlege etatane i større grad skal styre prioritering av prosjekt gjennom porteføljestyling.

Dette kan vere eit godt tiltak for å forbetre prosjekt undervegs, og ta omsyn til og ta i bruk ny teknologisk utvikling. Samtidig blir det viktig at prioriteringane blir gjort på riktig grunnlag, og at dei har demokratisk legitimitet.

Når det gjeld samfunnsøkonomiske analyser, så vil desse ligge til grunn for prioritering av porteføljar. Fylkestinget i Møre og Romsdal peikte på følgjande utfordringar i sitt vedtak i sak T-53/20 når det gjeld samfunnsøkonomiske analyser:

- Samfunnsøkonomiske analyser kan ikkje bli brukt som kriterium for rangering av prosjekt mellom regionar, sidan denne metoden vil favorisere prosjekt i befolkningstunge område.
- Det er ikkje mogleg å prioritere mellom prosjekt som har kome kort og langt i planleggingsfase, på grunn av mellom anna ulik usikkerheit i kostnadsanslag.
- Nytttevurdering for kollektivtrafikk må bli betra slik at effektar av endra transportmiddelfordeling blir tilstrekkeleg inkludert i analysane.
- Det må kome klare retningsliner på korleis analyser av netto ringverknader skal bli inkludert.
- Det må bli vurdert om eksportverdien av godset som blir frakta og verdiskapinga i området er godt nok ivaretekt i prioriteringane.

Fylkeskommunen bør medverke i porteføljestyling der det er naturleg. For porteføljestyling langs ei lengre strekning er det ikkje nødvendig, men om det er porteføljestyling der statsetatane skal styre når og kvar investeringane kjem, er det viktig med lokal medverknad i prioriteringane.

- Fylkeskommunen må delta i porteføljestyling av relevante tiltaksområde.

### **Ny tilskotsordning for regionbyane**

Vi er glade for at forslaget til NTP 2022-2033 legg til grunn ei ny tilskotsordning for klima- og miljøvennleg byutvikling. Skal vi nå Norges klimaforpliktingar, og samtidig skape attraktive bo- og arbeidsmarknader i heile landet, må veksten i personbiltrafikken stansast og regionbyane bli utvikla med tanke på livskvalitet, berekraft og næringsutvikling. Det er bra at regionbyane blir anerkjent som ein del av løysinga i forslaget til NTP.

- Tilskotsordninga for regionbyane må vere eit langsiktig reiskap for klima- og miljøvennleg byutvikling i regionbyane gjennom heile planperioden, og ikkje bli avgrensa til eit fireårig tiltak.
- I løpet av planperioden bør det bli vurdert om ramma bør aukast, og om midlar til drift av kollektiv bør bli innarbeidd i ordninga, for å bidra til at nullvekstmålet blir nådd.

### **Satsing på skipsfart**

Vestlandsrådet er nøgde med at Stad skipstunnel ligg inne i NTP 2022-2033. Kostnadsanslaget for skipstunnelen er 3,45 milliardar kroner, og den skal etter planen stå ferdig før utgangen av første seksårsperiode. Stad skipstunnel blir prioritert i første seksårsperiode, med 2,7 milliardar kroner.

Det bør også vere støtte- og incentivordningar for gods frå veg til sjø og bane. I NTP blir tilskotsordninga for nærskipfart (incentivordninga) vidareført og tilskotsordninga for investering i effektive og miljøvennlege hamner blir styrka (s. 121 i NTP 2022-2033).

- Stad skipstunnel må bli følgd opp vidare i årlege budsjettløyvingar
- Støtte- og incentivordningar for overføring av gods frå veg til sjø og bane må bli vidareført og styrka.

# Vestlandsrådet

Saksbehandlar:

Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

**VR-sak 11/2021      Rapport om NORA 2020-2021**

## **Saksutgreiing:**

NORA, Nordisk Atlantsamarbeide, er ein organisasjon der Vestlandet som region – gjennom Vestlandsrådet – har vore engasjert i mange år, og medlemskontingenten blir dekt over Vestlandsrådets budsjett.

Vestlandsrådet får kvart år ei tilbakemelding – ein rapport – om verksemda i organisasjonen. Det er den som blir lagt fram no.

Som namnet tilseier er det land og regionar knytt til Atlanterhavet som er medlemmar i Nora: Island, Færøyane, Grønland og i Norge: Vestlandet og Nord-Norge.

I vedlagte notat, utarbeidd av Lena M. Sørderholm frå Vestland fylkeskommune, er det gjort greie for organisasjonens organisering, aktivitetar og strategiar.

NORA har utarbeidd ei handlingsplan for 2021, og den følgjer også vedlagt.

## **Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet tek saka om NORA – rapport for 2020 og handlingsplan for 2021 – til orientering.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkeskommunedirektør

## NORA (Nordisk Atlantssamarbeide) 2021 – Orientering til VR

Dette er å sjå på som ei årleg oppdatering til Vestlandsrådet av arbeidet i NORA, der Vestlandet er ein av to norske medlemsregionar i organisasjonen.

Siste saka til VR i 2020 var ei løyvingssak i samband med at Vestlandet hadde leiarskapen i NORA i 2020, og det var planlagt sommarmøte i Florø. Grunna koronapandemien vart det ikkje arrangert fysiske møter i NORA i 2020, og slik sett heller inga utgifter for Vestlandsrådet utover den årlege medlemskontigenten på DKK 100 000.

### Vestlandsrådet og NORA

Vestlandet, gjennom Vestlandsrådet, er ein av dei fem geografiske regionane i NORA (Island, Færøyane, Grønland, Vestlandet og Nord-Norge). Frå og med 2020 er det Vestland fylkeskommune som har overordna ansvar for å vere Vestlandet sin representant i NORA (tidlegare var dette knyta til Sogn og Fjordane fylkeskommune).

### Kven er NORA?

NORA er ein mellomstatleg organisasjon under Nordisk Ministerråd sitt regionalpolitiske samarbeidsprogram (NM-R) og er finansiert av Nordisk Ministerråd og dei deltakande regionane.

Føremålet med NORA er å bidra vekst i desse rurale Atlanterhavs-regionane m.a. gjennom å styrke samarbeidet mellom bedrifter og forskings- og utviklingsorganisasjonar på tvers av region- og landegrensene.

- NORA tek initiativ til og deltek i strategiske prosjekt som bidreg til å styrke samarbeidet i mellom dei fire landa i NORA-regionen. NORA kan t.d. arrangere konferansar og initierer analyser med fokus på regionane sine felles problemstillingar.
- NORA gjennomfører to årlege utlysingar og gjev finansierer samarbeidsprosjekt (utviklingsprosjekt), som bidreg til å stø opp under dei måla som er omtalt i strategiprogrammet.
- NORA bringer vidare relevant informasjon til den nordatlantiske offentlegheit. Mellom anna legg ein ut eigne nyheitsartikler på NORA si heimeside ([www.nora.fo](http://www.nora.fo)) og ein sender ut månadlege nyhendeletter og oppdateringar på Facebook.

Grunnleggende felles rammevilkår for NORA sine regionar er til dømes: store, til dels enorme avstandar, prega av kystnære samfunn, skeiv demografi (fråflytting av ungdom), tynt befolka områder, sårbare og einsretta økonomiar og utfordrande klima.

NORA har sitt faste sekretariat på Færøyene som vert styrt av ein komité på 12 medlemmer (tre representantar frå kvart land). Leiinga av komiteen (formannskapet) går på rundgang mellom medlemsregionane og i 2021 har Island overtatt dette vervet etter Vestlandet. Sekretariatet vert leia av ein direktør som er tilsett på åremål. Han er no inne i si andre 4-års periode. Elles er kontoret fast bemanna med to faglege medarbeidarar (ein frå Færøyene og ein frå Norge) samt ein frå Færøyene (50 %) som har ansvar for rekneskap og administrative oppgåver.

Norske medlemmer i NORA sin komité er faste representantar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), frå Nord-samarbeidet (repr. ved Nordland fylkeskommune) og Vestlandsrådet (repr. ved Vestland fylkeskommune). NORA har og eit arbeidsutval (AU) som består av direktøren samt ein representant frå kvar region. Sidan 2018 har Vestlandet vore Norge sin nasjonale representant i AU. Komiteen sine medlemmar vert peika ut av dei respektive regionar, og har i

praksis fast sete. Det vert t.d. i år utskifting då Nordland fylkeskommune sin representant går av med pensjon, og den eine representanten frå Island som går over i anna stilling.

I tillegg til komiteen sine medlemmar, er NORA organisert med ein kontaktperson i kvar region. Desse har ansvaret for gjennomføring av deler av det praktiske prosjektretta arbeidet; vere NORA sin kontakt mot organisasjonar og bedrifter, initiere samarbeidsprosjekt som skal søke støtte, følgje opp søkjarar og kople bedrifter og organisasjonar mot partnerar i dei andre NORA-regionane. I Vestland er dette godt teke i vare av Forskningsrådet (NRF) sin representant i Vestland som gjennom sitt NFR-nettverk knyter til seg dei andre fylka på Vestlandet. Det har vore merkbar aukande engasjement frå vårt regionale næringsliv etter at vår kontaktperson har kome i arbeid og Vestlandsbedrifter er representert i mange søknadar.

Konkrete aktivitetar i vår region i 2021 som vår kontaktperson er involvert i:

- Mobilisering til søknadsfrist 8. mars og til hausten. Dialog, rettleiing, oppfølging og svar på spørsmål frå potensielle søkarar, bidreg med partnersøk i NORA-regionen, blant anna innan reiseliv, cruise, marin, lokal samfunnsutvikling, etc. på telefon, e-post og digitale møte. Gjennomført webinar og frukostmøte
- informasjonsmøte med informasjon om NORA og utlysing av prosjektstøtte
- Vurdering av 20 stk. prosjektsøknadar
- Mobilisert aktørar frå Vestlandet til prosjekt (om lokalmat) som fekk prosjektstøtte i 2020 og som hadde behov for norsk samarbeidspartnar
- Mobilisert Fagskolen i Sogn og Fjordane avd. Måløy til nytt NORA-nettverksprosjekt: Maritimt nettverk for utdanningar – Grøn transport, og deltatt på fleire innleiande møte med både nasjonale og internasjonale (NORA) aktørar
- Mobilisert til Hackathon 19. – 21. mars: *Think rural, think digital, think ahead*. To prioriterte tema: reiseliv og helse. Kontakt med alle fylkeskommunane, samt universitet, høgskule, forskingsinstitutt, og andre relevante aktørar om samarbeid med å dele info om arrangementet
- Planlegging av informasjonsmøte med fylkeskommunane 10. juni, med info om ny strategi, resultat frå årets søknadsrunde og dialog om mobilisering til neste utlysing haust 2021
- Har også administrative møter med kontaktperson i Nordland, med sekretariat på Færøyene og med kontaktpersonar i andre NORA-land.

## **NORA sin prosjektportefølje i 2020**

44 prosjekt er finansiert frå NORA i 2020, total sum DKK 15.652.435. Dei finansierte prosjekta var i 2020 fordelt på følgjande kategori:

<i>Marine ressursar</i>	<i>11</i>
<i>Jordbruk</i>	<i>3</i>
<i>Turisme</i>	<i>11</i>
<i>Energi</i>	<i>2</i>
<i>IKT</i>	<i>5</i>
<i>Transport</i>	<i>2</i>
<i>Andre</i>	<i>10</i>

Fordeling av partnerar på nasjonalt/regionalt nivå:

*Norge: 41*

*Island: 47*

*Grønland: 26*

*Færøerne: 28*

## **NORA sin strategi**

Nytt frå og med 2021 er at NORA sin fireårige strategi og årlege handlingsprogram er tett knyta opp til gjennomføringa av Nordisk Ministerråd sin visjon «Våres Norden» som seier at Norden innan 2030 skal blir verdas mest berekraftige og integrerte region. Det skal satsast på eit grønt, konkurransekraftig og sosialt berekraftig Norden. Denne visjonen skal vere gjelande for alle nordiske ministerråd, institusjonar og organ (herunder alle grensekomitéane<sup>i</sup> og NORA).

*NORA sin strategi for 2021-24 kan summerast opp gjennom desse hovudmåla:*

1. Å bidra til regionen si generelle utvikling
2. Å bidra til å diversifisere regionen sine økonomier med nye og innovative løysingar.<sup>ii</sup>
3. Å bidra til grønt, konkurransedyktig og sosialt berekraftig utvikling i Nord-Atlanteren på prioriterte innsatsområde
4. Arbeide for tettare samarbeid med Norden sine naboar i vest, spesielt Skottland

NORA sin Handlingsplan 2021 er lagt som vedlegg. For nærare informasjon om NORA, sjå heimesida: [www.nora.no](http://www.nora.no)

## **NORA som deltakar i Nordisk ministerråd (NMR) sitt samarbeidsprogram for Norden**

NMR har sett ned tre temagrupper leia av Nordregio<sup>iii</sup> for å operasjonalisere måla i «Det regionalpolitiske samarbeidsprogram for perioden 2021-2024». Ein skal slik bidra til læring og kunnskapsbygging for politikkutvikling gjennom felles aktivitet mellom aktørar i dei nordiske landa samt Færøyene, Grønland og Åland. Samarbeidsprogrammet gir rammer for temagruppenes arbeid saman med Nordisk Ministerråds visjon 2030 og deira tre strategiske prioriteringar: eit grønt Norden, eit konkurransedyktig Norden og eit sosialt berekraftig Norden. Alle NMR sine organisasjonar skal delta i samarbeidet og Lena Søderholm er peika ut av NORA til å vere NORA sin representant og kontaktperson i arbeidsgruppa «Grøne, innovative og resilente Regionar». Det er lagt opp til tre møter i året. Utgiftene vert dekkja av NMR.

*Leikanger 07.05.21*

*Lena M. Søderholm*

*Vestlandet sitt medlem i NORA*

<sup>1</sup> I praksis betyr dette å bidra til at regionane får «fleire bein å stå på», utvikle ein meir robust region med større mangfald i næringslivet.

Saksbehandlar:  
Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## **VR-sak 12/2021      Referatsaker**

Følgande referatsaker følgjer vedlagt til Vestlandsrådets orientering:

- 1      Referat frå møte i AU 16. mars 2021
- 2      Referat frå møte i AU 4. mai 2021
- 3      Uttale frå AU om GIEK/Eksportkreditt, 5.mars 2021
- 4      Uttale frå AU om TEN-T (jfr. pkt. 7 nedanfor), 23.april 2021
- 5      Referat frå møte mellom AU og Samferdselsministeren 16.april 2021
- 6      Referat frå møte mellom AU og Leiaren i Transport- og kommunikasjonskomiteen 4.mai 2021
- 7      AU hadde i tillegg til møta 16/3 og 4/5 eit «fjernmøte» 23. april for å godkjenne uttalen om TEN-T (AU-sak 12/2021)

## **Fylkeskommunedirektøren legg saka fra med følgande forslag til vedtak:**

Vestlandsrådet tek saka til orientering

Ottar Brage Guttelvik  
Fylkeskommunedirektør

# Vestlandsrådet

## Referat fra AU-møte (Teams) 16. mars 2021 kl. 10.00-10.38

### Til stades:

#### Folkevalde:

- Tove-Lise Torve
- Marianne Chesak
- Jon Askeland (frå kl. 10.12)

#### Administrasjon:

- Rune Haugsdal
- Inge Smith Dokken
- Robert Løvik
- Forfall: Ottar Brage Guttelvik

#### Sekretariatet:

- Christian Tollefsen Aasen
- Dagfinn Aasen

## AU-sak 8/2021    Ny NTP 2022-2033

### Oppdatert informasjon:

Regjeringa v/Samferdselsdepartementet legg fram Nasjonal Transportplan denne veka.

Vestlandsrådet har fått bekrefta møte med statsråden **16. april kl. 13.15**. Før møtet med statsråden vil AU ha eit formøte same dag kl. 12.30.

Samferdselsdepartementet ønskjer nærare informasjon i forkant av møtet om kva Vestlandsrådet vil ta opp. AU – og administrasjonane – bes difor så snart som muleg kome med innspel til sekretariatet om aktuelle tema og problemstillingar (i tillegg til det som er nevnt nedanfor).

Det vil og bli halde møte med Transport- og kommunikasjonskomiteen v/leiar Helge Orten om same sak.

### Synspunkt i møtet:

AU ber om at administrasjonane i fylkeskommunane, som førebuing til møta nevnt ovanfor, går gjennom den nye transportplana og samanliknar innhaldet med vedtaka fylkestinga på Vestlandet fatta i 2020, slik at ein kan få tydeleggjort kva som har kome med – og ikkje kome med – i ny NTP.

AU er elles av den oppfatning at det verkar som om departementet/statlege styresmakter har aukande forventningar om fylkeskommunale eigenandelar og forskottering av ulike tiltak, det gjeld t.d. rassikring, tunnellsikring, bruer. Vedlikehaldsetterslepet er stort og må reduserast. Dersom staten forventar større



eigenandelar er ein like langt, og dette legg uforholdsmessig stort press på den fylkeskommunale økonomien.

Det ligg også eit usikkerheitsmoment i sjølve systemet med NTP, som består av to 6-årsperiodar: ofte blir tiltak oppstartsfinansiert i første periode, utan at ein kjenner til kva som skjer av løyvingar i 2. periode. Når det blir sett av deler av beløp til samferdselsprosjekt, og når ein ikkje kjenner heile finansieringa, kan heller ikkje fylkeskommunane garantere. Dette gir auka press på fylkeskommunane.

AU ønskjer å bruke overnevnte møter til også å kreve statleg oppfølging og finansiering av viktige tiltak. AU vil legge stor vekt på kontakten med Transportkomiteen. Stortingsbehandlinga blir viktig, i og med at regjeringa må søkje fleirtal for sine forslag i Stortinget, og dette kan opne eit handlingsrom.

#### AU sitt vedtak:

Saka om ny nasjonal transportplan vart drøfta, og AU vil kome konkret attende til aktuelle problemstillingar i forkant av møta med samferdselsministeren og leiaren i Stortingets Transport- og kommunikasjonskomite.

### **AU-sak 09/2021 Samanslåing av GIEK og Eksportkreditt**

#### AU's behandling:

Ut frå partipolitiske signal registrerer AU at hovedkontoret truleg blir lagt til Groruddalen. Komiteinnstillinga i Stortinget blir lagt fram 18. mars.

#### AU sitt vedtak:

AU tek saka til orientering.

AU viser til Vestlandsrådets brev til Næringskomiteen innsendt 5. mars. Vestlandsrådet må arbeide vidare for at avdelingskontor/støttefunksjonar blir regionalisert og lagt til Vestlandet. Dette er og tatt opp i Vestlandsrådets brev av 5. mars 2021.

### **AU-sak 10/2021 Orienteringssaker**

1 Nettsidene for Vestlandsrådet

#### AU's behandling:

Det er viktig at nettsidene til Vestlandsrådet er oppdaterte og at det blir lagt ut informasjon fortløpande. Da kan nettsidene fungere godt som informasjonskanal for folkevalde, media og andre interesserte. Ønske om at aktuelle saker, notater, presentasjonar og informasjon om møteaktivitet bli lagt ut. Aktiv «feed».

AU ber om å bli nærare orientert om arbeidet med nettsidene på Vestlandsrådets møte 19. mai.

#### AU sitt vedtak:

AU tek saka til førebels orientering

**AU-sak 11/2021 Eventuelt**

Ingen saker under eventuelt.

Møtet slutt kl. 10.38

Ref. v/sekretariatet

## **Referat frå AU-møte 4. mai 2021 kl. 10.00 – 11.10**

Inkludert i dette møtet: Helge Orten, Transport- og kommunikasjonskomiteen, frå kl. 10.15 – 11.00.

### Til stades:

Tove-Lise Torve  
Marianne Chesak  
Jon Askeland  
Rune Haugsdal  
Inge Smith Dokken  
Gunn Randi Seime (for Ottar Brage Guttelvik)

Sekretariatet:  
Christian T. Aasen  
Dagfinn Aasen

### Saker til behandling:

#### **AU-sak 13-2021                      Referater**

8) TEN-T: saka om dette er innsendt til departementet innan fristen

#### AU sitt vedtak:

Saka tatt til orientering.

#### **AU-sak 14-2021                      Orienteringssaker**

Brev frå Maritimt Forum, jfr vedlegg.

Maritimt Forum blir kobla opp mot arbeidet med Næringsstrategien.

#### AU sitt vedtak:

Maritimt Forum blir invitert til eit eige møte med AU, slik at ein kan drøfte synspunkt og mulege samarbeidsformer, mv.

#### **AU-sak 15-2021                      «Vestlandsmeldingen 2021»**

#### AU sitt vedtak:

Zynk inviteres til Vestlandsrådets møte 19. mai 2021 for gjennomgang og drøfting av rapporten «Vestlandsmeldingen 2021».

#### **AU-sak 16-2021                      Vestlandsrådets møte 19. mai 2021**

Eit første utkast til kjøreplan vart lagt fram.

AU sitt vedtak:

Forslaget til kjøreplan godkjend. NFD blir invitert til å orientere om Brexit-forhandlingane.

**AU-sak 17-2021                      Eventuelt**

Ingen saker under «eventuelt».

# Vestlandsrådet

5. mars 2021

## Samanslåing og framtidig lokalisering av GIEK/Eksportkreditt – uttale frå Vestlandsrådet

### Innleiing

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeidsorgan for fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal.

Vestlandsrådet støttar samanslåinga av dei to statlege finansieringsinstitusjonane Garantiinstituttet for eksportkreditt (GIEK) og Eksportkreditt.

Vestlandet er eit av Europas mest ressursrike områder. Både gjennom olje- og gassutvinninga og øvrig eksportretta næringsverksemd bidreg Vestlandet til betydelege inntekter til nasjonaløkonomien. Landsdelen har store mulegheiter for vidare utvikling og innovasjon, men også utfordringar med omstilling og etablering av nye næringar når aktiviteten i olje- og gassverksemda gradvis vert lågare.

Fylka på Vestlandet har eit framtidretta næringsliv basert på ressursane i havet og stor aktivitet langs kysten. Vi har bysentra som viser stor vekstkraft og som er svært viktige for vestlandsfylka. Store område på Vestlandet er likevel prega av tilbakegang i folketal og sysselsetting.

### Bakgrunn

Vestlandsrådet viser til at to regjeringsoppnemnde utval, Distriktsnæringsutvalet (NOU 2020:12) og Demografiutvalet (NOU 2020:15), på fagleg grunnlag har framheva at det vil vere ein styrke for statlege tilsyn, etatar og direktorat å vere lokalisert saman med sterke nærings-, fag- og finansmiljø i ulike delar av landet.

### Styrking av nærings- og fagmiljø

Vestlandsrådet vil peike på at Vestlandet har naturlege fortrinn når det gjeld framtidig samhandling mellom GIEK/Eksportkreditt og næringsliv, utdannings- og kompetansemiljø. Den planlagde samanslåinga av GIEK og Eksportkreditt bør lokaliserast til Vestlandet der den viktigaste næringskompetansen er, og der fleire eksportnæringar er etablert. Byar som Stavanger, Bergen og Ålesund har også sterke finans- og forskningsmiljø.

Næringslivet på Vestlandet er den suverent største brukaren av tenestene til både GIEK og Eksportkreditt. Eit viktig omsyn for at GIEK/Eksportkreditt skal lukkast er nettopp å ha nær samhandling med dei mest relevante industrielle kompetente og verdiskapande miljøa. Det er difor avgjerande at det samanslåtte GIEK/Eksportkreditt blir lokalisert nær sine viktigaste brukarar. Da kan GIEK/Eksportkreditt verte ein naturleg integrert del av, og med sin tyngde bidra til ei tydeleg styrking av, dei nærings- og kunnskapsmiljøa som til saman utgjer støttesystemet for eksportbedriftene som Norge er så avhengige av.

### **Kompetansearbeidsplassar**

Vestlandsrådet vil peike på at både andel statlege arbeidsplassar og relevante kompetansmiljø er sentrale kriterier i ei beslutning om lokalisering. Når statlege institusjonar skal etablerast er det viktig å lokalisere desse til stader der dei kan tilpassast og utfylle og utvikle lokalt næringsliv. Å legge GIEK/Eksportkreditt til Vestlandet vil styrke landsdelen og næringsmiljøa med statlege kompetansearbeidsplassar, som Vestlandet er underrepresentert med.

### **Vestlandsrådets forventning til val av lokalisering**

Det er Vestlandsrådet si klare forventning at det samanslåtte GIEK/Eksportkreditt blir lokalisert til Vestlandet.

Vestlandsrådet tek ikkje stilling til konkret lokalisering av hovedkontor og støttefunksjonar for GIEK/Eksportkreditt, men så vel Stavanger, Bergen som Ålesund representerer kvalitetar og relevante fagmiljø som tilseier at Vestlandet er naturleg lokalisering for GIEK/Eksportkreditt. Støttefunksjonar kan også fordelast mellom byane.

Med helsing

#### **Tove-Lise Torve**

Fylkesordfører i Møre og Romsdal, og Leiar av Vestlandsrådet

#### **Marianne Chesak**

Fylkesordfører i Rogaland

#### **Jon Askeland**

Fylkesordfører i Vestland

**Saksbehandlar:**

Dagfinn Aasen  
Sekretariatsleiar

## AU-sak 12-2021 Nye retningslinjer for det transeuropeiske transportnett (TEN-T)

### Innleiing:

Samferdselsdepartementet (SD) har oppfordra norske aktørar til å delta i ei høyring om nye retningslinjer for det transeuropeiske transportnett (TEN-T). SD skriv m.a.:

«TEN-T omfattar alle transportformer og er ryggraden i transportsystemet, også i Norge. Utvikling av TEN-T sees på som en avgjørende forutsetning for det indre markedet og for velfungerende samfunn. Retningslinjene regulerer definisjoner og utstrekning av TEN-T og setter krav til standarder på infrastrukturen. Norge har sluttet seg til de eksisterende retningslinjene og departementet vil vurdere om også den reviderte versjonen skal innlemmes i EØS-avtalen».

I ei pressemelding frå regjeringa 16.2.21 heiter det m.a.:

«Det transeuropeiske transportnett (TEN-T) er ryggraden i transportsystemet. TEN-T omfattar alle transportformer og består av de viktigste forbindelsene og knutepunktene i transportsystemet i EU- og EØS-området. TEN-T skal bidra til effektiv flyt av varer og tjenester i det indre markedet, og sikre europeisk næringsliv konkurransekraft. Utvikling av TEN-T er også viktig for å nå målene om reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslipp fra transportsektoren.

Norge har sluttet seg til TEN-T-programmet, og de eksisterende retningslinjene er en del av EØS-avtalen. Retningslinjene regulerer definisjoner og utstrekning av TEN-T og setter krav til standarder på infrastrukturen. TEN-T-nettverket har to nivåer - kjernenettverk og et omfattende nettverk. Kravene til standard og utrustning av kjernenettverket skal innfris innen 2030, for det omfattende nettverket er fristen satt til 2050».

Samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune har utarbeidd eit notat om denne saka, jfr. vedlegg. Frist for å uttale seg er 23. april 2021. Forslaget til vedtak nedanfor baserer seg på innhaldet i dette notatet.

### Behandling i Vestlandsrådet

I samband med anna møte 16.april ville Arbeidsutvalet, på vegne av Vestlandsrådet, gjerne ha denne saka til uttale. Med utgangspunkt i vedlagte notat, foreslår sekretariatet at det blir gjeve uttale slik det er utforma i forslaget til vedtak nedanfor.

### **Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:**

I samband med høyring knytta til nye retningslinjer for det transeuropeiske transportnett (TEN-T) gir Arbeidsutvalet følgande uttale på vegne av Vestlandsrådet:

1. Vestlandet er Norges fremste eksportregion. Reduserte reisetider og betre samankopling/utviding av bu- og arbeidsmarknadene på Vestlandet vil vere avgjerande for både næringslivet og kommunane si utvikling. Næringslivet er i stor grad eksportretta. Dei tre vestlandsfylka Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal eksporterte varer for 155 milliardar kroner i 2020, noko som utgjer 35 prosent av total fastlandseksport. Investeringar i effektivisering av transportåraane i fylket vil auke konkurransekrafta til næringslivet.
2. Vestlandsrådet er samd i at TEN-T må sjå på mål om nullutslipp mot 2050, og legge til rette for digitale løysingar og robust infrastruktur. TEN-T må sørge for samankopling og tilgjenge til alle regionane i EU. Det bør vere større ambisjonar for den maritime dimensjonen, ved i større grad å gå frå veg til sjø (og jernbane) m.o.t. transport. Når det gjeld mål om reduserte CO2-utslepp, så bør alternative drivstoff og digitalisering vere i fokus, saman med overgang til andre transportformer. TEN-T bør ha ei breiare tilnærming til berekraft enn berre reduserte utslepp av klimagassar.
3. Når det gjeld Europakommisjonens 4 punkt for fokusområda for TEN-T vidare, (jfr. vedlagde notat), så støttar Vestlandsrådet tilnærming 4, der ein kombinerer element frå 1-3, da dei er komplementære og kan styrke kvarandre. Samtidig vil Vestlandsrådet understreke at å fortsette med størst innsats på område 1 - tradisjonell infrastruktur - vil vere ein god framgangsmåte, då infrastruktur er eit nødvendig vilkår for dei to andre områda. Å legge vekt på utbygging av robust infrastruktur med styrka krav til kvalitet, støtta av digitalisering og innovasjon, vil vere ein god framgangsmåte. Utvikling av infrastruktur bør henge saman med utvikling i teknologi på transportmiddel, for å sikre komplette berekraftige løysingar.

### **Arbeidsutvalets behandling:**

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke.

**Tove-Lise Torve**

Leiar i Vestlandsrådet  
Fylkesordførar i Møre og Romsdal

**Marianne Chesak**

Fylkesordførar i Rogaland

**Jon Askeland**

Fylkesordførar i Vestland



## 5 Møte med Samferdselsministeren

Referat

frå møte mellom

**Samferdselsministeren og Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet**

16. april 2021.

Tema:

**Nasjonal transportplan 2022 – 2033**

**Til stades:**

Samferdselsdepartementet

- Knut Arild Hareide

Arbeidsutvalet i Vestlandsrådet:

- Tove-Lise Torve
- Jon Askeland
- Arne Bergsvåg (møtte for Marianne Chesak)

Fylkesadministrasjonane:

- Ottar Brage Guttelvik
- Rune Haugsdal
- Inge Smith Dokken

Sekretariatet

- Dagfinn Aasen
- Christian Tollefsen Aasen

**Bakgrunn for møtet:**

Regjeringa v/samferdselsdepartementet har nettopp lagt fram sitt forslag til Nasjonal transportplan (NTP) for åra 2022 – 2033. Plana er delt i to 6-årsperiodar.

Fylkeskommunane har i løpet av 2020 sendt innspel til departementet over tiltak ein meiner er nødvendige å få realisert i dei komande planperiodane. Det gjeld nye tiltak knytta til riks- og fylkesvegar og andre transportformer (tog, fly, skipstrafikk), og ressursar til vedlikehald av fylkesvegnettet, ferjer, mv . (inndekning av etterslepet på fylkevegnettet, rassikring, tunnellar, etc).

Møtet var kome i stand for å drøfte situasjonen for Vestlandsfylka, og korleis innmeldte behov har vorte hensyntatt i NTP 2022 – 2033.

I formøte før møtet med statsråden vart m.a. følgande tatt opp:

- Ferjefri E39 – holde tak i statlege prosjekt
- Fylka må halde fast på sine prioriteringar
- Innretninga på fylkesvegpakken
- At realisering av tiltak ikkje må vere søknadsbasert
- Om korleis eigendelfinansiering er tenkt innretta
- Om rassikring, som no er lagt inn i den samla økonomiske ramma
- Ferjetakstane (ei halvering?) – utfordre statsråden på dette
- Fylkesvegferjedrifta og ressursituasjonen
- Tilskot til båttrafikk må gjenspegle reelle behov (både ferjer og hurtigbåtar)

### **Temaer som vart tatt opp i møtet:**

Tove-Lise Torve opna dialogen med statsråden, og ga uttrykk for at Vestlandsrådet meiner at NTP 2022-33 inneheld mange gode tiltak for Vestlandet, det gjeld m.a. fylkesvegpakka, satsing på å redusere etterslepet på vedlikehald, jfr. også strekpunkta ovanfor.

Statsråd Knut Arild Hareide gjekk gjennom viktige sider av NTP 2022-33, m.a. følgande tema:

- Det blir ikkje lagt opp til ei søknadsbasert løysing, det er ei tilskotsordning
- Fordeling etter C-tabellen, Vestland og Møre og Romsdal kjem godt ut, Rogaland nøytralt (tabell nedanfor)
- Viktig å vurdere fordelinga mellom investeringar og vedlikehald
- Etterslepet har det vore svært viktig å få målt og gjort noko med, og det er tatt kraftige tak på dette
- Ferjetakstane er svært viktig å få redusert, og målet er med 50%, med gradvis nedtrapping allerede frå 2021

Frå diskusjonen etter statsrådens orientering kom det fram fleire synspunkt, m.a.:

- Innretninga på fylkesvegpakka er god
- Når det gjeld ferjedrift er signala lovande – Vestlandsrådet deltek gjerne i utforminga av den endelege innretninga, jfr også det grønne skiftet, med framføring av strøm, lademulegheiter, m.v.
- Tilskotsordninga til ferjer og hurtigbåtar må dekkje det reelle behovet, serleg synes det ut som hurtigbåtane er kome skeivt ut
- Det er avklarande at statsråden avkreftar søknadsbasert finansiering
- At Auto-pass blir ei nasjonal ordning er bra
- Plan for ferjedrift og kostnadar blir nærare omhandla i Revidert Nasjonalbudsjett (RNB), det gjeld også ferjetkstar.

Statsrådens kommentarar, m.a.:

- 50:50-delning og fylkeskommunane sin andel: fylka kan nytte allerede avsette midlar til dette, det fortsettes ikkje «friske» midlar, og som elles ville måtte takast frå andre tenesteområder
- Det er ikkje lagt opp til «krone-for-krone»-finansiering
- Det bør gjennomførast målingar på etterslepet på fylkesvegvedlikehaldet, det er mange gamle tal ute og går (frå 2012)
- Fylka har brukt sine pengar på fylkesvegar, og oppfordra fylka til å sjå på forholdet mellom investeringar og drift/vedlikehald

- Autopassordninga er det beste vi p.t. har, men er ikkje optimal, men da brukar vi den.

**AU's oppsummering etter møtet:**

- Kan konkludere med at ein er gått bort frå tanken om søknadsbasert tilnærming
- Eigenfinansieringa fortsatt noko utydeleg: fylka må eventuelt ta frå investeringar og overføre til drift/vedlikehald, men ikkje frå andre budsjettområder
- Vi må halde på Autopassordninga
- Redusert takstordning for fylkesvegferjene er fortsatt usikker
- Viktig no å følgje opp overfor Transport- og kommunikasjonskomiteen

**Ref. v/Sekretariatet**

Christian T. Aasen

Dagfinn Aasen

## 6 Møte med Helge Orten, Transportkomiteen

### Referat

frå Arbeidsutvalets møte 4. mai 2021 med leiar i Transport- og kommunikasjonskomiteen Helge Orten.

**Tema: NTP 2022-2033**

### Følgjande tema var meldt inn på førehand:

Generelt om innsendte ønskjer og krav:

- Prioritering i NTP av innsendte behov (og krav) frå fylkeskommunane Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal – korleis er status?

Vestlandsrådet har dessuten (hausten 2020) sendt inn følgjande til Transport- og kommunikasjonskomiteen:

- o «Ønske om insentivpakke for nullutsleppsfly»
- o «Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggåttfinansiering»

Er NTP 2022 – 2033 realistisk, i den forstand at det blir fleirtal i Stortinget for hovedtrekka?

Fylkesvegane, m.v.:

- Sjølv innretninga på fylkesvegpakken, og økonomien i den, jfr. etterslepet på vedlikehald av fylkesvegane
- For låg prioritering av fylkesvegnettet, sjølv med auka satsing for å redusere etterslepet
- For små ressursar til rassikring, tunellsikring, fergekaier/fergedrift, etc.
- Tilskotsordninga må ikkje vere søknadsbasert.
- Tilskotsordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel
- Eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.
- Beløpet avsett til fylkesveg må vere like stort i første periode som i siste periode
- Styrka finansiering av ferjer og hurtigbåtar
- Teknologeutvikling og innovasjon mht. det grønne skiftet i transport- og kommunikasjonssektorene
- Digitalisering innen transportsektoren

**Tove-Lise Torve innleia, på m.a. følgjande tema:**

- Fylkesvegpakka, herunder: må ikkje vere søknads- og tilskotsbasert, pengane må kome tidleg i perioden
- Fergefinansieringa, er eit økonomisk «stress» for fylkeskommunane,

- Skred- og rassikring
- Store prosjekt ligg berre delvis inne

#### **Andre innspel:**

- Fylkesvegpakka ok, men det må vere nok pengar: det er 4 gonger så mange fylkeskommunale vegar som riksvegar, og det må gjenspegle seg ressursmessig
- Ferjetakstane/ferjenøklane må oppgraderast/revurderast, pga. underfinansiering
- Garantiordninga for riksvegprosjekt \*
- Porteføljestyringa – korleis blir dette innretta? \*\*

#### **Helge Orten orienterte om tidsplana for komiteens arbeid, og om viktige sider ved NTP 2022-2033:**

- Er tidleg i merknadsskrivinga no
- Komiteen skal avgi innstilling 7. juni
- Siste frist for politisk påverknad er 27. mai
- Debatt i Stortinget: 14.juni
- Samferdselstiltak på svært høgt nivå, 1200 milliardar kr.
- Ønskje om fleksibilitet i 2. periode
- Utvida portefølje til Nye Veier
- Ikkje søknadsbasert ordning
- 50:50- løysing, men fylkeskommunane står fritt til å prioritere internt, kan bruke det ein allereie har avsett til vegformål
- Fylkesvegferjene ligg i Kommunaldepartementets budsjett, det same gjeld ferjenøklane (og hurtigbåtane)
- Ferjeprisane vil bli omhandla i revidert nasjonalbudsjett
- Prosjekta som er med i NTP 2022-333 er fullfinansierte, sjølv om det enkelte prosjekt blir starta opp i første periode og avslutta i andre
- \* vedr garantiordninga: Helge sjekkar kor saka no står, og gir attendemelding til sekretariatet
- \*\* vedr porteføljestyringa: Helge/komiteen kjem attende til korleis dette skal gjennomførast i praksis

---

Ref. v/sekretariatet

Dagfinn Aasen

Christian T. Aasen

# Vestlandsrådet

Saksbehandler:  
Christian T. Aasen

**VR-sak 13/2021**      **Eventuelt**

- 1) Oppfølging av prosjektet «Næringsstrategien for Vestlandet» etter at sluttrapporten ligg føre medio juni
-